



Jørn Johannessen  
Lokketona 37  
5136 MJØLKERÅEN

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 17/874 - 17/8395

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
05.05.2017

## GBNR 57/3 - Søknad om dispensasjon frå KPA for oppføring av naust - Trong for tilleggsopplysningar

Kommunen stadfestar å ha motteke dykker søknad 06.04.2017.

Det er søkt om løyve utan ansvarsrett for oppføring av naust på gbnr 57/3. Det er vidare søkt om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel (KPA) for plassering i LNF område og innanfor byggegrensa mot sjø på 100 meter, jf pbl § 1-8. Naustet er i søknaden oppgitt med storleik 39,90 BYA og topp mønehøgde 6,0 meter. Ut frå teikningane av naustet kan de sjå ut som dette har kneveggar og målbart loftsareal.

Føreseg 1.6.14 til KPA har følgjande ordlyd:

«Naust skal vere bygg/uthus i ein etasje med bruksareal (BRA) inntil 40 m<sup>2</sup>, og kan byggjast enkeltståande eller i rekke. Eventuelt loftsrom skal ikkje ha måleverdig areal. Knevegg på loft er ikkje tillate. Mønehøgda kan vere inntil 5,0m målt frå gjennomsnittlig planert terreng. Vindaugsarealet si dagslysflate skal ikkje overstige 3 prosent av bruksarealet (BRA). Altan, utkraging eller terrassar er ikkje tillate. Naust skal ha saltak med ein takvinkel mellom 35° og 45°. Tilhøvet mellom høgde og breidde kan maksimalt vere 1:1»

Oppgitt høgde på omsøkt naust er i strid med denne føresegna og krev dispensasjon. Det må opplysast om naustet elles er i samsvar med denne føreseg 1.6.14 kva gjeld BRA, målbart areal på loft og knevegg.

Før kommunen kan behandle saka vidare må naustet reduserast i storleik/høgde og dokumentert utforming må vere i samsvar med føreseg 1.6.14. Alternativt kan det søkast om dispensasjon, men det blir opplyst at kommunen har ført restriktiv praksis i høve til føreseg 1.6.14 og at dette er eit felt ein må rekle med at sektorstyresmaktene vil kunne ha merknader.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon blir sendt inn samla innan 19.5.2017. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, blir saka arkivert utan vidare behandling. Ta kontakt dersom det er trond for lengre frist eller ytterlegare informasjon. Saka blir lagt i ventearkiv til opplysningane er motteke. Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane blir rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr blir rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det blir sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
Juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*